

# KYRKJEBLAD FOR ÅL



IKKE MER NATT / FÆRØYANE – EI MESSE VERD / SÅ VIKTIG Å MØTAST  
MINNELUND OG ALTERNATIV GRAVPLASS / KONFIRMANTANE VÅRE 2020

NR. 5 | 2020 | 61. ÅRGANG



*Fredsduen er en due som er et symbol for fred og fordragelighet. Den forekommer blant annet i kommunevåpen og våpenskjold. Første gang vi møter symbolikken er i fortellingen om Noah i 1. Mosebok. Etter syndfloden sendte Noah en due ut fra arken for å se om vannet hadde sunket. Duen fant ikke hvile noe sted, og fløy tilbake. Andre gang kom duen tilbake med et friskt oljebblad i nebbet. Noah skjønnte at vannet var borte fra jorden. Også oljebbladet har senere blitt et vanlig fredssymbol. I dag er regnbuen som vi kan se på himmelhvelvingen, Guds eget tegn på at en slik ødeleggelse aldri skal skje igjen.*

## Ikke mer natt

Like bortenfor Ål kyrkje ligger Pinsekirken HÅP. Allerede i navnet minner våre naboer oss om det håp som setter retning for hele den kristne kirke.

Ettersom et håp er et håp kan vi vanskelig dele dem inn i store og små. Likevel vil noen av håpene som blir oppfylt få mer vidtrekkende konsekvenser enn andre. Med evighetsperspektivet for øyet står det kristne håp i en særstilling. Ingen over, ingen ved siden! Når Gud sier «Jeg vil gi dere fremtid og håp», sikter han til mer enn bare vårt liv på jorden.

Jesus sier at den som tror på ham skal leve om han enn dør. Når jeg vet hvordan noen har det, forstår jeg godt at de lengter etter himmelen. Peter bekrefter dette: «Men vi ser frem til det han har lovet: en ny himmel og en ny jord, hvor rettferdighet bor» (2. Pet. 3,13). Paulus tillater seg endog å være litt poetisk når han skal trøste dem

som lider for troens skyld: «Vi har ikke det synlige for øye, men det usynlige. For det synlige tar slutt, det usynlige er evig» (2. Kor. 4,18).

I Bibelen finner vi bilder som vil anskueliggjøre hva himmelen, også omtalt som Guds rike, er. Åpenbaringsboken taler om perleporter og om gater av gull. Et signal om den store «rikdom» livet i Guds rike vil innebære. Et annet bilde beskriver en vannkilde som aldri blir tom. I et Norge med overflod av vann sier kanskje ikke dette oss så mye. Jødene som kom inn fra ørkenen, derimot, visste hva det betydde å ha en kilde som aldri ble tørr.

Himmelens herlighet skildres også i sin motsetning: «Gud skal tørke bort hver tåre fra deres øyne, og døden skal ikke være mer, heller ikke sorg eller skrik eller smerte. For det som før var, er borte», står det (Åp. 21,4). Sorg, skrik og smerte opplever vi rundt og oss i oss hele tiden. Guds rike er den rike motsetning.

For troen på Jesus har denne fremtiden allerede begynt. Det kristne håp kan tilføre livet uante muligheter her og nå. Jesus

er ikke bare et sted der fremme. Det vil den erfare som trekker Jesus inn i alt som har med livet å gjøre. Sorger og gleder, seire og nederlag blir tilført en helt ny dimensjon når vi lar Jesus være Herre i livet vårt. For en kristen er ikke mørket og katastrofen det siste. Tvert imot. Det som er mørkt peker i stedet frem mot en tilstand som bare er god:

«Natt skal ikke være mer, og de skal ikke ha bruk for lys av lampe eller av sol, for Gud Herren skal lyse over dem» (Åp. 22,5).



Av Arne Jensen



Foto: Kagge Forlag AS


## Sigbjørn Johnsen til Ål kyrkjeakademi

Tidligere fylkesmann og finansminister Sigbjørn Johnsen vitjar Ål Kyrkjeakademi 12. november. Han tek i foredraget sitt utgangspunkt i boka si, «Det beste i livet», med undertittelen «Stubber om livet, døden og alt imellom». Johnsen mista kona si og vil mellom anna dela dei tankane han sit att med etter dette.

Kafé Tid torsdag 12.11. kl 19.15  
Pris kr 150/120

## Kjære lesar!

Liker du kyrkjebladet? Synest du at denne bindelekk mellom deg og kyrkja er viktig? Sokneråd og fellesråd og mange andre meiner det. Men det kostar å laga eit slikt blad trass i mykje friviljug arbeid. Alle inntektene våre er gåver. Dessverre skrantar økonomien. Er du ein av dei som har «gløymt» å betala dei friviljuge bladpengane? Bankgironummeret vårt er 2320.20.70272.



Og no har Kyrkjeblad for Ål fått eige vipps-nummer:

**627063**

Me er glade for alle gåver, store som små bidrag. Takk takk! Red.

## KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJON Birger Bolstad (redaktør) • Arne Jensen • Liv Margit Sørbøen  
BANKGIRO 2320.20.70272 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd  
GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

## KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag–fredag kl. 08.30–14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkja.no  
PROST Sveinung Hansen | PROSTIPREST Arne Jensen | SOKNEPREST Vigdis Moen Storhaug | KYRKJEVERJE Kjellfred Dekko | SEKRETÆRAR Guro Stave • Elin Etterlid Tveit  
KANTOR Audun Flaen | MUSIKARAR Ingunn Stræte • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkebøen | KYRKJELYDSPEDAGOG Kristine Giljebrekke Andersen | REINHOLDAR Rezene Habtom  
KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Lars Monrad Vaage • Morten Storhaug | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattgard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto

# Esel

Vi lever i ei verd der kompetanse er høgt verdsett. Vi treng flinke folk i alle delar av samfunnet vårt - anten det er lærarar, ingeniørar, bønder, journalistar, snikkarar, politifolk, røyrleggjarar, sjukepleiarar, sjåførar osv. Difor er utdanning noko vi set høgt, og noko mange brukar mykje tid og krefter på - til glede for alle oss andre som får nytte av kunnskapen og erfaringa.

Eit godt og velfungerande samfunn er avhengig av dette. Når vi skal tilsetja folk i ulike stillingar, så blir vitnemål, eksamensresultat og referansar lagt til grunn for vi vil ha dei beste folka til å løyse oppgåvene. Det er innlysande og sjølv sagt.

Tenker Gud som oss når han vel ut folk? Gode eksamenar? Bra språk? Ryddig døgnrytme? Kreative evner? Lett å samarbeide med? Minst mogleg alkohol? Ansvarleg? Til å stole på?

Paulus skriv:

«Men det som går for å vera dårskap i verda, det valde Gud seg ut (.....). Det som blir rekna som veikt i verda, valde Gud seg ut (.....). Ja, det som står lågt i verda, det som blir sett ned på, det som ikkje er noko, valde Gud seg ut (...).» (1.Kor.1.27-28)

Dette står i sterk kontrast til vanleg vet-tug tankegang om «dei flinkaste folka» til å løyse oppgåvene. Det er vanskeleg å sjå for seg ein arbeidsgjevar som ville velja sine folk med dette bibelsitatet som motto.

Men det står altså at Gud vel ut frå heilt andre kriterium enn det som sunn fornuft

og bondevett burde tilseie. Det seier oss at Gud tenkjer annleis enn oss - eller? Kan det bety at Gud ser lenger enn oss - ser meir enn oss - ser vidare enn oss?

Eg vel å tru det, at Gud ser lenger og meir og bortanfor det vi oppfattar. Eg trur det betyr at Gud ser oss annleis enn det vi ser oss sjølv. Det er ein tanke som både kan uroe - og gje håp. Viss han ser alt, ja, då ser han og ting vi verken likar eller vil vedkjenne oss i eige liv. Men dersom vi kan tru på det som står skrive, så betyr det at han kan og vil bruke oss, sjølv om han veit kven vi er.



Foto: Pixabay

Det finst ei forteljing om eit esel. Meis-teren sjølv skulle til Jerusalem og trong transport. Han ba disiplane om å hente eit esel - nærare bestemt eit føll - som han trong til ridededyr.

Ikkje mykje til festivitas rundt det transportmiddelet - sjølv i dei dagar. Men Jesus valde seg akkurat det, eselet.

Å bli samanlikna med eit esel er kanskje ikkje noko å juble for. Likevel kan eg glede meg litt over denne lille forteljinga om kva Jesus valde - heilt bevisst og målretta



Av Anne Kjersti Frøyen

- når han trong transport denne påska i Jerusalem. Og sjølv om eg innimellom vurderer meg sjølv som unyttig fordi eg ikkje strekk til etter alle ideal og det eg ser rundt meg som andre får til, ja, så byggjer faktisk heile trua vår på at Gud vel det som tilsynelatande er lite å skryte av.

«Det som blir rekna som veikt i verda, valde Gud seg ut.» (1.Kor.1.27)

Det kan vi få lov å kvile i. Og kvile betyr kanskje ikkje at vi skal setja oss ned og la vere å gjere noko, men at vi kan senke skuldrene, legge til side eigne og andres forventningar, og leve trygt i trua på at Gud vil bruke oss der han treng oss. Det betyr at både du og eg har ein verdi som ikkje handlar om verken kva vi presterer eller kva resultat vi kan vise til. Takk for det.

Og eg er nokså viss på at Gud alltid har bruk for eit esel til!

Ef.2,10: «For vi er hans verk, skapte i Kristus Jesus til gode gjerningar som Gud på førehand har lagt ferdige så vi skulle vandra i dei.»

•••••  
ANDAKT

## SORGGRUPPE startar opp i Ål kyrkje i november

*Døden kan kome brått, andre gonger meir venta. Men å miste nokon i nær relasjon vekker tankar og kjensler hjå oss. Å setje ord på dette kan vere til hjelp.*

Dette er ei gruppe der me kjem saman for å gje rom for sorga, støtte og hjelpe kvarandre. Leiarane og deltakarane har teieplikt. Ein bestemmer sjølv kva ein vil dele i gruppa. Det vil vere ei enkel samtaleform rundt ein kopp kaffi og te. Me tek utgangspunkt i aktuelle tema og tema som deltakarane i gruppa ynskjer å ta opp. Alle får høve til å snakka om sine opplevingar.

På fyrste samling bestemmer me møte-dagar og tidspunkt for samlingane framover. **Påmelding til kyrkjekontoret: 32 08 61 61 eller til diakon 40 45 57 83.** Ring også om du har spørsmål, eller ynskjer ein samtale /besøk. Dersom det blir færre enn fire påmeldte, vert det ikkje gruppe.

*Hilde Kirkebøen, diakon  
Vigdis Moen Storhaug, sokneprest*

Foto: Ole-Johs. Brye





Foto: Ole Johs. Brye

Olav Haraldsson, også kalla Olav den heilage, var norsk konge den gongen Færøyane var ein del av Noreg. Helgenkongen har alltid hatt ein sentral plass i religiøs og politisk tradisjon og kultur på Færøyane. Ålingen Hallgrim Berg (75), tidlegare politiskar, no forfattar og ivrig samfunnsdebattant, har feira nasjonaldagen og olsok 29. juli på Færøyane. Her er nokre av inntrykka som Berg sit att med:

## Færøyane – ei messe verd



I lag med alle andre kjem prestane frå alle sokn på Færøyane til Olsok-feiringa, og dei går alle med pipekragar.

**Olsok – olavsøku – på Færøyane er ei messe verd.**

**Det finst snautt nokon annan stad der folket møter så mannjamt fram for å feire saga og nasjonaldagen. Torshavn yrer av liv og lek, musikk og moro.**

Av Hallgrim Berg (tekst og foto)

Sidan 1970-åra har eit «stillestående» Færøyane gått gjennom eit hamskifte. Med datateknologi, trålfiske og oppdrettsanlegg har den materielle levestandarden skote til vørs.

### Kulturvilje

Her er vilje til nasjonalt og kulturelt sjølvstende; folket klorar seg fast på 17 øyar, arbeider trutt, held fast på språket sitt, dyrkar kulturarven og skikkane sine. Tradisjonell kristendom står sterkt. Til dømes er dei folkevalde i Lagtinget klart imot homofile partnerskap, og mest ingen vil ha fri abort. Det er nesten utruleg at ingen politiske parti flaggar denne saka.

Folketalet er i jamn framgang, og har nyleg passert 50.000. Me møtte eit staseleg ektepar med tre finkledde ungar utanfor Hotell Hafnia: «Me er ikkje fleire enn me treng vera», forklarte mannen. «Ja, og då må me laga fleire born!» la kona til utan å blunke.

### Gnistrande feiring

Ute i gatene denne dagen, sjølve nasjonaldagen, er det eit myldrande liv, med endå høgare bunadsfaktor enn i Ål. Folk kjem inn til Torshavn frå øyane, med bil gjennom tunnelane, over bruene, og med store og små båtar. Seremoniell start i Domkyrkja, messe, musikk, parade til plassen framom Lagtinget, prestane i spissen (alle med pipekragar!) omgjevne av enorme songkor.

Kyrkjebø er den viktigaste historiske staden på Færøyane. Kyrkjebø var bispesete før reformasjonen. Her frå den gotiske kyrkjeruinen Magnuskatedralen. Her bur Johannes Patursson - i 17. generasjon. Odelsbonden som til ei kvar tid sit på Kirkjubøur, som er største garden på Færøyane, har alltid hatt tittelen kongsbonde. Me talar altså om kongsbondeætta Patursson. Røykstova på garden er frå 1000-talet, bygt av drivtømmer frå Sibir.



## FAKTA OM FÆRØYANE



- Øygruppe mellom Skottland og Island, om lag 600 kilometer vest for Bergen. Namnet Færøyane tyder «saueøyane».
- Viktige næringar har vore sauehald, kystfiske, fuglefangst. I dag også fiskeforedlingsindustri.
- Sidan 1948 ein sjølvstyrt del av Danmark. Offisielle språk: Færøysk og dansk.
- Om lag 84 prosent av innbyggjarane tilhøyrer den evangelisk-lutherske folkekyrkja.
- Færøyske folkesongar (kvædi) var grunnlaget for den norske folkevisedansen som Hulda Garborg tok til Noreg rundt år 1900.

Kjelde: SNL.no

Idrettslag og Frelsesarmeen mønstrar troppane, familiar og slektsgrupper held stemme, og alle må ned og sjå kapproinga i hamneområdet. Skjenkestadene og matplassane er fullsette; og utetter dagen vert mange «fin i farten,» men utan gaul og skrik.

Inne på Ebenezer er det stinn brakke i byens største og flottaste forsamlingshus; pinsevenene held open musikkfest. Fem-seks hundre menneske kosar seg med eit kulturprogram som rullar og går i mange timar. Fleire mannskor og grupper avløyser kvarandre med kjende salmar og nye songar i country-stil.

Som avrunding av nasjonaldagen startar Den store allsongen utandørs klokka 24.00. Meir enn ti tusen menneske syng av full hals i ein heil time, og på slaget 01.00 startar songdansen, for alle som vil. Det er som eit stort, gyngande folkehav. Inne i hopen får me auge på Ola og Bjørg Feten frå

Leveld og lenger borte høyrer me Øivind Kvile og Ingrid Elverum frå Geilo.

### Sauer og hallingar er omtykte

Sauehald og fuglefangst er òg viktige næringar. Snøfrie øyar gjer at saueene går ute året rundt. Færøyingane set årleg til livs nær femti kilo sauekjøt kvar (samanlikna med fem kilo i Noreg). Fantastiske fjellformasjonar oppetter vestkysten – overalt med sau i stupbratt lende – er kanskje det synsinntrykket som festar seg lengst hjå ein vanleg turdeltakar.

Og så greitt det er å vera nordmann på Færøyane! Folket pratar ikkje dansk, sjølv om det er hovudskriftmålet, attåt færøysk. Det liknar ei vestnorsk dialekt. For min del gjorde eg ei nyttig oppdaging: Dess meir eg la vekt på «å svalle gamaldagas halling», dess lettare gjekk praten med dei innfødde! Men så høyrde jo Hallingdal i si tid til det gamle Gulatinget...



Foto: Birger Bolstad

## Så viktig å møtast

– Det er så viktig å møta kvarandre, sa ein smilande diakon Hilde Kirkebøen på Kafe Tid, og særleg etter så lang tid!

Datoen var 2. september, og samlinga var det fyrste etterlengta formiddagstreffet for kyrkjelyd og andre interesserte på mange månader. Endeleg hadde delar av samfunnet teke til å fungera litt att, etter utbrotet av korona-pandemien, men med viktige smittevern-tiltak framleis på plass.

Dei var difor så glade for å møta kvarandre, Gerd Holo (f.v.), Unni Aa med TV-kanna, Helga Haugen, Aslaug Holeplass og Ingebjørg Brobakken.



Frelsesarmeen – alltid på plass!



Optimistisk familie i stasklede: - Me er ikkje fleire enn me treng vera, og då må me laga fleire born!

## Julefeiring på TID

Også i år blir det julefeiring for alle som vil, store som små, på TID kafé & landhandel kl. 17-22 på julaftan. Og 1. juledag er det brønsj kl 13.30.

Påmelding innan 16. desember til Kyrkjekontoret tlf. 32086161 eller diakon tlf: 40 45 57 83. Meir informasjon i neste kyrkjeblad.

TID





– Her kjem minnelunden, seier landskapsarkitekt Marianne Laa, og forklarar kyrkjeverje Kjellfred Dekko (t.h.) og fellesrådsleiar Torfinn Slåtto korleis dette vil bli. (Foto: Birger Bolstad)


## Minnelund og alternativ gravplass

Det skjer mykje på gravplassfronten for tida. Nytt regelverk er på plass frå 1. januar, og lokale vedtekter er justert. Mange har sett små gravfelt kalla «namna minnelund» som kjem rundt om i landet, og spør om det ikkje snart blir namna minnelund også på Ål. Eit slikt felt på kyrkjegarden er ein plass det er råd å setja ned urne, og namnet på avdøde kan setjast på eit felles minnesmerke. Slik gjer ein det enklare for pårørende då ein ikkje treng å syrgje for stell av grav eller vedlikehald av gravminne. Det blir høve til å setja ned avskorne blomar på minnelunden. I fyrste omgang er det planlagt namna minnelund ved Ål kyrkje. Fellesrådet håpar det blir løyvd pengar slik at me kan ta i bruk minnelunden alt om to år.

Gravplassane våre skal vera for alle uavhengig av kva religion ein høyrer til. Difor må me legge til rette for at gravene har ulik retning. Landskapsarkitekt Marianne Laa har teikna eit nytt gravfelt som ligg mot prestegarden på Ål. Dette feltet blir eit alternativt felt som mellom anna kan brukast av muslimar. Ti graver kan alt brukast, men her skal me opparbeide til saman 48 kistegraver.

Utskifting av masse, bygging av ny veg og opparbeiding av to mindre gravfelt på same tid gjer at fellesrådet lyt sjå desse to omgjeringsane av gravplassen under eitt. Total kostnad blir om lag ein million kroner.

*Kjellfred Dekko, kyrkjeverje*



Teikninga slik landskapsarkitekt Marianne Laa tenker seg minnelunden.

•••••  
AKTUELT

## Global veke 20.-22. november

*Også i år vil me markere global veke og diakoniens dag i samband med Lys vakenhelga. Konfirmantar er med som leiarar.*

Det er kyrkjesamfunna i Norges Kristne Råd (NKR) som står bak global veke som blir markert rundt om i landet. Globale veke blir drive med støtte frå Norad, Justis- og beredskapsdepartementet og Kirkens Nødhjelp og skal belyse global urettferd.

Tema for global veke 2016–2022 er «Moderne slaveri». Det er viktig å formidle alvor og samtidig kunne formidle håp. Sigmund Hegstad, ballettkunstnar og grundar av klesmerket Faire&Square, kjem og gjer dette på ein glimrande måte. Hegstad har jobba i Framtiden i våre hender og jobbar for å endre klesindustrien og folks haldningar til denne. Me veit at dei som produserer klede for oss, ikkje blir behandla på ein god måte.

Born og ungdom frå 6. klasse og oppover vil vere engasjert i ulike aktivitetar laurdag 21. november. Det blir mannequin-oppvising og sal av klede på kafe TID på dagen. Sundag blir Global veke markert under gudstenesta med deltaking frå barn og ungdom med dans, bøn m.m.

*Hilde Kirkebøen, diakon*



Foto: pixabay

## Etter skuletid

*Etter ei lang Covid 19-pause startar Etter skuletid opp att. Måndagar i partalsveker er 4. og 5. trinn velkommen, og i oddetalsveker er 6. og 7. trinn velkommen.*

- Vi har delt inn gruppa, slik at vi kan ha betre smittevern. Vi har leksehjelp, ein sunn snack i kopp, spel, hobby og uteleik. Vi er ein verestad der barna skal kjenne seg trygge, sett og utfordra. I haust skal vi snakke litt om situasjonen i verda, og til våren skal vi arbeide med forskjellige prosjekt for å gjere noko positivt i nærmiljøet og for verda vår, skriv kyrkjelydspedagogen.

**For spørsmål og påmelding:**

**Send e-post til [kristine.g.andersen@aal.kommune.no](mailto:kristine.g.andersen@aal.kommune.no)**

## Babysong

- Vi har starta opp babysong igjen, skriv Kristine Giljebrekke Andersen, kyrkjelydspedagogen, til kyrkjebladet.

- Musikk stimulerer sansane våre og er ei viktig kommunikasjonsform. Gjennom song og musikk, rim og rytme, dans og rørsle blir barnet si språkelege og motoriske utvikling stimulert.

**Babysong er i kyrkjestugu desse tysdagane klokka 11.30: 27. oktober, 10. november, 24. november og 1. desember.**

Det skal kjennast trygt å koma på babysong hos oss. Lokalet skal vera nyvaska. Du tar med deg teppe til barnet og niste til lunsjen. Du får servert kaffi, vatn eller te.



Foto: unplash

# VI GÅR I KYRKJA

## NOVEMBER

### 01.11.2020 Matt 5,1-12

Torpo kyrkje	11.00
Leveld kyrkje	11.00
Ål kyrkje	17.00

### 08.11.2020 Mark 10,28-31

Ål kyrkje	11.00
-----------	-------

### 15.11.2020 Joh 6,63-69

Leveld kyrkje	11.00
Torpo kyrkje	11.00

### 22.11.2020 Matt 25,31-46

Ål kyrkje	11.00
-----------	-------

### 29.11.2020 Luk 4,16-22a

1.s.i adventstida	
Ål kyrkje	11.00
Torpo kyrkje	18.00
Lysmesse	

## Formiddagstreff

ÅL KYRKJESTUGU KL. 11 - 13

### Onsdag 4. november:

Tema: Knut Oleivsgard:  
Farbror Otto sin jaktur på  
Reineskarvet under krigen.  
Andakt: Magny Folkedal

### Onsdag 2. desember:

Tema: Eldgrim Springgard  
om Gro Gudmundsrud.  
Andakt: Arne Jensen

### Onsdag 6. januar 2021:

Tema: Lars Monrad Vaage:  
Historier om prost Monrad.  
Familiememoarar.  
Andakt: Vigdis Moen Storhaug

### VATS BEDEHUS I NORDBYGDENE

### Onsdag 25. november kl. 12- 14:

Tema v/Tore Bøygard:  
Frå kyrkjetenar til skiskytterpresident

For meir informasjon: Sjå [www.aal.kyrkja.no](http://www.aal.kyrkja.no)  
og annonse i Hallingdølen

## DESEMBER

### 02.12.2020 Luk 4,16-22a

Ål kyrkje	18.30
-----------	-------

### 06.12.2020 Luk 21,27-36

Leveld kyrkje	11.00
---------------	-------

### 09.12.2020 Luk 21,27-36

Ål kyrkje	18.30
-----------	-------

### 13.12.2020 Luk 3,7-18

Torpo kyrkje	11.00
--------------	-------

## Open Ål kyrkje

Tysdag – fredag kl. 10 – 14  
Onsdagar også kl. 19:30 – 21.  
Kveldssamling onsdagar ein gong  
i månaden kl. 19:00 – 19:30  
i ulike variantar (musikk, song,  
kveldstankar, bøn, nattverd).



## Kyrkjebok-utdeling i Leveld

Born i Ål og Torpo fekk kyrkjeboka si i oktober. Og no står dei som er 4, 5, 6 eller 7 år i Nordbygdene for tur. Fyrste møte er i Leveld kyrkje onsdag 11. november klokka 17.30 - 18.30, og søndag 15. november er heile familien velkomen til gudsteneste klokka 11.00. Her vil barnet få kyrkjebok tilpassa alderen sin.

## DØDE

### Ål

25.07.20	Gunvor Marie Ekeli	f.1935
31.07.20	John Birger Skorve	f.1934
26.01.20	Katharine Elisabeth Bæra	f.1936
16.08.20	Kristi Tormodsgard	f.1923
19.08.20	Berit Simensen	f.1930
22.08.20	Lars O. Strand	f.1924
29.08.20	Torleif Hallingstad	f.1933
15.09.20	Torfinn Trinrud	f.1936

### Torpo

11.09.20	Sigurd Eriksen	f.1951
----------	----------------	--------

## DÅP

### Ål

09.08.20	Truls Thon Hvattum
30.08.20	Lena Øygard
20.09.20	Alma Moland Blakkisrud

### Leveld

09.08.20	Emily Isabell Tveito Castillo
23.08.20	Mikkel Bjella Vissebråten

### Torpo

16.08.20	Hedvig Haugen Pettersborg
16.08.20	Karine Berglund Flatland

## Tru og lys

Måndag 26. oktober kl. 17 - 19

I kyrkjestugu: Kristine Giljebrekke Andersen

Måndag 30. november kl. 17 - 19

Juleavslutning kafe TID: julegraut, julemusikk  
og Vigdis Moen Storhaug



Samtaler for par, familier og enkeltpersonar.  
Kommunikasjon, konfliktløsning,  
foreldrerettlegg, mekling m.m.  
Tilbodet er gratis

Tlf. 32 12 33 44

[www.familievern.no](http://www.familievern.no) • [www.bufetat.no](http://www.bufetat.no)

Neste nummer av kyrkjebladet kjem ut i andre veka i desember. Stoff til bladet må sendast kyrkjekontoret/epost: [aal.kyrkje@hallingnett.no](mailto:aal.kyrkje@hallingnett.no) eller til redaktøren: [Birger.Bolstad@hallingnett.no](mailto:Birger.Bolstad@hallingnett.no) innan 12. november 2020.

Kirkens SOS: 22 40 00 40

(landsnr.)

# Konfirmantane våre 2020



*Det vart konfirmasjon til slutt! I september skjedde det endeleg, etter korona-pandemi, stengde kyrkjer og utsette konfirmasjonar frå i vår. Dette har vore ei spesiell tid for konfirmantane våre, familieane og også kyrkja.*

Kykjebladet har utfordra to unge til å reflektera litt over konfirmasjonstida si, Signe Slaatten frå Torpo og Olav Andreas Stræte Lie frå Ål. Les kva dei formidlar vidare til oss lesarane. Signe har elles teikna fredsdua på framsida av kyrkjebladet denne gongen. Utgangspunktet var sommar-BUK som hadde temaet «Det finnes håp. Alltid», og Signe tok utfordringa - og teikna.

Dei glade konfirmantane i 2020 frå Leveld, Torpo og Ål sokn framom Ål kyrkje. Tre konfirmantar var dessverre ikkje til stades då biletet vart teke: Indunn Nesje Ødegard, Malene Thune Majormoen og Raket Torpe.

Foto: Ole Johs. Brye



Signe Slaatten  
Foto: Arne Jensen

## – Smårart konfirmantår

Eg veit ikkje om eg var den einaste, men det meste av konfirmasjonstida mi gjekk litt ut av «hukommelses-boksen» raskt. Eg greier fint å forklare om det vi gjorde gjennom året, med undervisning, gruppesamlingar og KRIK. Det einaste er at

det ikkje blir så detaljert, fordi alle desse tinga skjedde for meir enn eitt år sidan. Konfirmasjonen min, den 6. september i Torpo kyrkje, skjedde for tre veker sidan.

Sjølvsagt vart dette konfirmantåret annleis og smårart for meg, men eg tenkjer ikkje mykje på det. For meg vart dette den nye normalen, fordi eg har opplevd det, og kan ikkje oppleve det på ein anna måte. Eg skulle vore konfirmert i mai dette året, men for meg vart det heilt ok å konfirmere seg i september.

## – Dei beste leiarane

Eg valde å konfirmere meg i kyrkja fordi eg er van med å gå i kyrkja og eg trur på Gud. Konfirmantleiarane eg hadde var Kristine Giljebrekke Andersen, Hilde Kirkebøen og Vigdis Moen Storhaug. Dei var dei beste leiarane eg nokon gong kunne ha fått.

Konfirmanttimaane var veldig stas, for me starta med å få litt mat og så fekk me litt opplæring i det temaet som var for den timen. På Konfirmant Week-enden hadde me ulike opplegg og ei andakt på sundagen.

Det finaste med denne konfirmasjonstida har nok vore konfirmasjonsweekenden for då var det mange morosame aktivitetar og ein filmkveld.

Under koronatida hadde me ikkje nokre undervisningstimar, for me var alleie ferdig med dei, men den gudstenesta som me konfirmantane skulle ha, vart utsett, og me fekk ikkje gått gjennom opplegget.

Det at konfirmasjonsdagen var forsinka, føler eg eigentleg var bra, for eg kjente meg ikkje klar til å konfirmere meg då eg eigentleg skulle ha gjort det. Det finaste i kyrkja var for meg at det var berre dei nærmaste som fekk kome som gjorde at det var ganske få der.

Til dei nye konfirmantane vil eg berre seia at dette er ei tid du bør kose deg med, for den kjem aldri tilbake igjen.



Olav Andres Stræte Lie  
Foto: Arne Jensen